

Lagar du pepparkakehus?

30.11.2010



**Vi er inne i advent og tida er inne til å laga pepparkakehus.**

**Kven lagar det finaste i Uskedalen?**

Vi siktar til Uskedalpostens sin pepparkakehuskonkurranse som er utlyst i det siste nummeret og som har enkle treglar: Alt på huset må vera etande, men husbyggjarane står heilt fritt med omsyn til arkitektur.

Du behøver ikkje å senda inn huset, men sende bilet av det med epost til [torem@dcpost.no](mailto:torem@dcpost.no) før 20. desember.

Så vil vinnarhuset bli lagt ut her på nettsida 23. desember og premiert med ei drikkeflaske med Uskedalen-bilete på.

Over står Kari Ljosnes på SPAR med nokre av ingrediensane som skal til. Men fantasien kjem i tillegg!

(Foto: Ola Matti Mathisen)